

## Vetl-Ulland - Lilleulland (gnr. 108)

Vetl-Ulland i Saksumdalen er nemnt i den same gamle skrivne kjelda som Ulland, nemleg skattelista for Bygningsskatten 1594, og gardnamnet er der skriva Lille Ulland. Ein merker seg og at garden er ført i gruppa for "Hallfue gaarde", halvstore gardar. Ti år seinare er det fortalt at ein gard av namn "Ullin" svara den ekstra utlikna korntiendda for 1604 med 1½ tønne som t.d. Sæter og Øfstedal. Etter det går så ei lang tid før ein atter finn Vetl-Ulland omhandla, men i 1624 var det ein "Ødegaardsmand" i Saksumdalen av namn Hans Ulleland, og truleg budde han på Vetl-Ulland. Etter atter ein mannsalder var det så "Christen" som var brukar på "liden Uleland", og buskapen hans der på garden var da: 10 naut, 5 geiter og 16 sauer. I "Mandkiøn-Mandtall 1665" er atter "Lille Ueland" ført under "Ødegaarde", og det er opplyst at brukaren med farsnamn heitte Christen Bertelsen, at han da var 62 år, og at han hadde ein son av namn Bertel, som var 20 år og soldat.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Ulleland" hos Christen fortalt at garden var "Presteboelens goedtz" av skyld 1 hud, men at landskylda og kunne bli innkravd med 1½ bismarpund 4 merker smør. Vidare er det om garden og gardsbruket fortalt at "Engen (innmarka) var "temmelig goed" at det var "Schoug till gaards Nøtte, og Wedtsle Setter til Sommer-beed". Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 14 naut, og korntiendda vart innkrevd med 7/4 tønne, som altså svara til ei årleg kornavling på 17-18 tønner. Ti år seinare er i 1678 namnet på brukaren skriva Christen Ulleland, og landskylda av garden var framleis 1 hud.

Frå 1691 er elles eit opplysande skifte etter da avdøde Bertel Ulleland, og skiftet vart halde på "Ulleland i Faaberg". Ein merker seg at arvebuet utgjorde 94 rd., sikkert utan medregistrert jordegods, og at arvingane var forutan enka Kjersti Kristofersdr. dei 5 borna: 1. Kristofer, 2. Christen, 3. Berit, 4. Anne, 5. Ingeborg.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er garden framleis kalla Ulleland av skyld 1 hud, og det er atter tydeleg fortalt at garden var "Faaberg Presteboel tilhörig med bøxel". Elles er det da oppgitt at Ulleland ligg i sollia, men er tungbrukt, jordarten var derimot "temmelig god, dog noget koldlent". Det var skog nok til brenneved og gjerdefang, og seter med god hamn, men ingen utslåtter. Buskapen hadde da auka og var 2 hestar, 1 føl, 10 naut og 12 sauer, og den årlege høyavlinga utgjorde kring 23 lass, og den årlege utsæd kring 3½ tønne bygg.

Ei sak av år 1735 fortel meir om Vetl-Ulland i eldre tid. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

"Ulland i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 14. juni 1735.

Knud Poulsen Ulleland har innstevnt Jacob Olsens enke Ingeborg Bertelsdr. og hennes Bror Christopher Lille Ulleland fordi de ikke har villet holde en med citanten sluttet kontrakt, ang. det jordebruk som citanten hadde forundt henne og hennes sl.mann da han kjøpte Ulleland av dem og fordi de har tiltatt sig at pløye og saa jorden. De instevnte møtte ikke. Forelegges laugsdag til neste ting.

Fliflet i Fåberg 22. mai 1736.

Ingeborre Bertelsdtr. enke efter Jacob Olsen Ulleland og Knud Poulsen Ulleland angav at de var forlikt i mindelighet således: Knud Poulsen forbinder sig til å levere Ingeborre Bertelsdtr. årlig 2 sold godt korn fra 1734 og så lenge hun lever, føde for henne 1 ko og 2 sauer, men melkingen besørger hun selv. Derimot faller det husvære hun besat tilbake til gården og hun oppholder sig hvor hun lyster, men hun er rådig over de hus hun og hennes mann har bygget, nemlig 1 stue, låve og fæhus.”

Kristofer Bertelsen som i allfall brukte dette Ulland i fleire år var gift med Ingeborg Olsdtr., og dei hadde 3 born. Men i 1741 var Kristofer Bertelsen død, og det var da atter dødsbuskifte på ”Ulland Lille i Faaberg”. Ved dette skiftet merker ein seg vidare at arvebuet utgjorde brutto 435 rd. og netto 419 rd., som sikkert viser til at avdøde Kristofer Bertelsen ved sin død også måtte vera jordeigande bonde utan at ein finn noko meir om det. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingeborg Olsdtr. dei 3 borna:

1. Ole, som da var 21 år, 2. Engebret, 16 år, 3. Kirsti, 12 år.

Same året, altså i 1741, fekk og eldste sonen Ole Kristofersens bygselseddel frå hr. Hans Bircherod på grd.”Ulleland i Faaberg beliggende skyldende til Faaberg Prestebol 1 hud med bøxel og herlighet. Han har å svare føderåd til sin mor Ingeborg Olsdtr. som før har brukt garden”.

Den nye husbonden Ole Kristofersens som dermed tok over som bygslar og brukar på Vetl-Ulland, gifta seg i 1746 med Anne Jonsdtr. Øfstedal, og dei fekk fleire born. Det var:

- a. Kristofer f. 1746, død 1748
- b. Ingeborg f. 1749, gift 1772 med Peder Arnesen Ulland.
- c. Jens f.1751, død 1754
- d. Kristofer f. 1754
- e. Beret f. 1757, gift 1790 med Arne Olsen Ulland
- f. Jens f. 1760, død 1762
- g. Anne f. 1763

Ole Kristofersens brukte Vetl-Ulland til han døde i 1781, og det var da atter skifte på ”Ulland lille i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brt. 271 rd. og netto 235 rd., og arvingane var forutan enka Anne Jonsdtr. dei 4 av borna som da var i live, nemleg:

- a. Kristofer, som da var myndig,
- b. Ingeborg, som var gift med Peder Ulland,
- c. Beret, som var 23 år og ugift.
- d. Arne, som og var ugift.

Så å seia samtidig fekk så eldste-sonen Kristofer bygselseddel frå sokneprest Martin Abilgaard på ”en Faaberg prestebord beneficeret gaard Lille Uleland kaldet av skyld årlig 1 hud med bøxel”. Samtidig gav og den nye bygslaren sonen Kristofer Olsen føderådskontrakt til mora på ”føderåd av gården Lille Uleland i Saxumdalen til Fåberg prestegjeld”.

Av år 1790 er ei kvittering frå Arne Olsen Ulland til Kristofer Lilleulland som formynder for Beret Olsdtr., som da var vorte gift til Ulland.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da to familiar på Vetl-Ulland. Dei to familiane var:

1. familie: 1. Kristofer Olsen, husbonden, 47 år

2. Gundhild Olsdtr., kona hans, 40 år
  3. Anne Kristofersdtr., dotter deres, 16 år
  4. Ingeborg Kristofersdtr., dotter deres, 12 år
  5. Arne Siversen, tenestkar, 26 år
  6. Ole Olsen, tenestgut, 14 år
  7. Berit Christensdtr., tenestkvinne, 38 år
  8. Anders Rasmusen, "Lægds Lem", 73 år
2. familie:
1. Arne Pedersen, husmann med jord, 40 år
  2. Sigrid Pedersdtr., kona hans, 40 år
  3. Peder Arnesen, son deres, 8 år

Husbonden Kristofer Olsen Vetl-Ulland vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1811, og det var da eldste dotter hans, Anne, som vart odelsarving til garden. Anne Kristofersdtr. var alt da gift med Elling Olsen Berg fra Auggedalen, og den 14. april 1812 fekk så Elling Olsen bygselsedel frå prost A. Broch på bruken av grd. Lilleulland, som altså framleis låg til Fåberg prestebord. Samtidig gav så den nye bygslaren Elling Olsen føderådsbrev til svigermor Gunnild Olsdtr.

Dei nye husbondsfolka Anne og Elling Vetl-Ulland, som dei snart vart kalla, fekk i sitt ekteskap 3 born. Det var:

- a. Guri f. 1808, g. 1833 med skoleholder Iver Olsen Stubrud
- b. Anne f. 1813, g. 1847 m. Peder Syversen ved Saksum
- c. Kristian f. 1819, g. 1847 m. Antonette Pedersdtr., nedre Ulland

I Eling Olsen si brukartid kom i 1819 matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Lille Ulland" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga på Vetl-Ulland da utgjorde kring 50 tønner. Vidare er det og oppgitt at det til garden da hørde 2 husmannsplassar.

I 1829 var føderådskona Gunnild Olsdtr. død, og det var da atter arveskifte på "Lilleulland i Faaberg". Ved dette skiftet var det m.a. opplyst at arvebuet utgjorde brutto sikkert utan jordgods 98 rd. og netto 79 rd., og at arvingane var forutan dottera Anne, som framleis var husmor på Vetl-Ulland, var borna etter dottera Ingeborg som hadde vore gift med Amund Aanrud, men da var død. Desse borneborna av avdøde var:

- a. Amund Amundsen, 18 år b. Kristian Amundsen, 16 år,
- c. Ole Amundsen, 5 år, d. Randi Amundsdr., 13 år

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 34 "Ulleland lille" fekk da som si nye matrikkelskyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og det var da framleis Elling Olsen som var brukar på garden.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om "Lilleulland" fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 391 mål, og av dette var 68 mål jord av 1. klasse. Vidare er det om husdyrhaldet der i den tid oppgitt at det var på sjølve Lilleulland gard: 3 hestar, 13 naut, 2 geiter og 14 sauer, men dertil var det på husmannsplassane til Lilleulland tilsm. 11 naut, 9 sauer og 2 geiter. Ført på same måten var den årlege utsæden på sjølve garden Lilleulland: kring 7½ tønne korn og 6 tønner settepoteter.

Men dertil var det på plassane til garden tilsm. ein årleg utsæd på ca. 2½ tønne korn og 4 tønner settepoteter.

I mellomtida hadde det elles kring 1850 vore brukarskifte på Vetl-Ulland, og sonen Kristian Ellingsen hadde tatt over som brukar. Han hadde da i 1847 gifta seg med Antonette Pedersdtr. Nedre Ulland, og dei fekk i sitt ekteskap eitt barn, nemleg sonen Even f. 1849.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Der vart så namnet skrive ”Ulland lille”, og garden fekk som si nye matrikkelskyld: 10,42 mark, og det var da odelsarvingen Even Kristiansen som hadde tatt over som brukar av Ulland lille.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at Anders Øverby hadde tilhandla seg grn. 108 Ulland lille, som framleis var berre eitt bruksnummer, altså grn. 108 brn. 1 Ulland lille av skyld 10,42 mark. Elles tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 5 personar med røysterett på og/eller ved Vetl-Ulland, Ulland lille. Dei 5 personane var:

1. gardbr. Anders Øverby, Lilleulland, 71 år
2. husmor Gunhild Øverby, kona hans, 58 år
3. tenestkar Ole Storsveen, 29 år
4. husmann Even Iversen, 50 år
5. husmann Johan Jonsen, 30 år

Av handlar i seinare tid med Vetl-Ulland eller parsellar av garden merkar ein seg vidare at i 1919 vart så eit bruksnummer 2 Lill-Ullandshagen av skyld 0,42 mark fråskilt og selt til Johan Jonsen, og i 1923 vart eit bruksnummer 3 Lilleulland skog av skyld 6,40 mark fråskilt. Samtidig overtok så Klara Vinjar grn. 108 brn. 1 Lille-Ulland da av skyld 3,60 mark.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette to bruksnummer under gardsnummer 108 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei to gardsbruk var:

- a. Grn. 108 brn. 1 Lille Ulland med eit jordbruksareal på ca. 110 mål, som Gudmund Vinjar hadde tatt over og var eigar og brukar av.
- b. Grn. 108 brn. 2 Lilleullandshagen med eit jordbruksareal på ca. 25 mål, som Johan Lilleullandshagen var eigar og brukar av.

I 1950 var det Severin Svelle, son av Paul Svelle og Anna f. Mytting, som hadde tatt over og var eigar og brukar av grn. 108 brn. 1 Vetl-Ulland, framleis av skyld 3,60 mark.

Severin Svelle var da, i 1938, gift med Gudrun Graffer, og dei hadde i 1949 fire born. Dei var:

- a. Anna Ragnhild f. 1940
- b. Gunvor f. 1942
- c. Hans Petter f. 1944
- d. Tore f. 1949